



Kommunal- og distriktsdepartementet,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Skjønsmidlar 2024 - fordeling av resten av ramma for Vestland

Statsforvaltaren i Vestland har att kr 16 150 000,- i skjønsmidlar for i år som ikkje er fordelte til kommunane. Vi har no gjort ei fordeling av midlane. Samla fordeling av midlane går fram av vedlegg til brevet.

Det er gitt skjønsmidlar til følgjande føremål:

- Naturhendingar med skade på kommunal infrastruktur, til saman kr 2 275 000,-
- Innføringskurs i forvaltningsrett og Masterutdanning i kommunal leiing, til saman kr 775 000,-
- Særskilde prosjekt og satsingar, kr 1,4 mill.
- Generell fordeling, kr 11,7 mill.

### Naturhendingar

Vi har gitt tilskot etter ekstraordinære naturhendingar som har ført til skade på kommunal infrastruktur. Vi har sett dette i samanheng med departementet si tilskotsordning etter naturskade.

### Innføringskurs i grunnleggjande forvaltningsrett

Universitetet i Bergen har i samarbeid med Statsforvaltaren utvikla eit innføringskurs i forvaltningsrett for tilsette i kommunane. 187 deltakarar har gjennomført kurset etter at det blei starta opp våren 2019. Tilbakemeldingane frå deltakarane har vore positive. Kurset har gitt viktig kompetanse om regelverk og krava til kommunal sakshandsaming. I kurset blir det lagt vekt på reglar og vedtaks-skriwing innafor relevante fagfelt.

Vi gir kommunane kr 15 000,- i skjønstilskot per deltakar som har fullført kurset. Det er 25 kommunalt tilsette i Vestland som har gjennomført kurset i 2024. Dette gir eit samla tilskot på kr 375 000,-. Fordelinga av tilskot mellom kommunane går fram av eiga kolonne i vedlegg.

### Masterutdanning i kommunal leiing

Statsforvaltaren vil gi skjønstilskot for kommunalt tilsette som har gjennomført ein av dei tre modulane som inngår i Masterutdanning i kommunal leiing. Dette omfattar kommunalt tilsette som



fullførde ein av modulane i utdanninga våren 2024. Det blir gitt tilskot med kr 10 000,- per modul til kvar kommune. Tilskotsbeløp blir gitt på grunnlag av talet på modular, ikkje på grunnlag av talet på deltakarar i utdanninga.

Det var 32 deltakarar med kommunalt tilsette som fullførde ein eller to modular i utdanninga våren 2024. Av desse var det 8 deltakarar som gjennomførde to modular. Samla tal på modular var difor 40, og sum tilskot blir kr 400 000,-. Fordelinga av tilskot mellom kommunane går fram av eiga kolonne i vedlegg.

#### Generell fordeling

Dei attståande skjønsmidlane er fordelte generelt mellom kommunane etter om lag same fordelingsprosent som i den ordinære fordelinga av skjønsmidlar for 2025. Den generelle fordelinga utgjer til saman kr 11,7 mill. Denne fordelinga mellom kommunane går fram av eiga kolonne i vedlegg.

#### **Bergen**

Det er auke i bekymringsmeldingar som omhandlar vald mot barn i nære relasjonar. Kommunen ønskjer difor å gjennomføre prosjektet «Kompetent og trygg i møte med vald i nære relasjonar». Forsking har vist at det er behov for større grad av differensiering når barnevernet handsamar saker om vald. I saker med mindre grad av vald, vil meir samarbeid med foreldre kunne gi mindre belastning for barnet. Det er difor ei målsetjing å ha større grad av differensiering i arbeidet med bekymringsmeldingar i barnevernet.

Dette prosjektet har i år fått kr 400 000,- i stimuleringsmidlar. Vi gir kr 500 000,- i skjønstilskot til prosjektet. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Bergen og Voss. Skjønstilskot kr 500 000,- blir utbetalt til Bergen kommune.

#### **Etne**

27. august 2023 var det ekstrem nedbør i Skånevik - området i Etne kommune. Nedbør utløyste tre ras over fylkesveg i berre nokre kilometer avstand. Det vart påført flaumskadar i området rundt omsorgssenteret i Skånevik. Total kostnad for kommunen til utbetringsarbeid og asfaltering m.m. er rekna til kr 920 000,-, utanom meirverdiavgift. Dette er kjøpte tenester frå eksterne, som kjem i tillegg til kommunen sin eigeninnsats.

Etne kommune blir kompensert med kr 775 000,- i ekstra skjønsmidlar i samband med naturskade på kommunal infrastruktur i Skånevik.

#### **Kvinnherad**

Kommunane Kvinnherad og Ullensvang har eit samarbeidsprosjekt for å hindre vald og overgrep mot barn i nære relasjonar. Prosjektet «Kompetanseløft - vald og overgrep mot barn og unge» har dette som målsetjing. Det vart starta som eit nettverk hausten 2023 med sikte på auka kompetanse innan fagområdet. 29 av kommunane i Vestland deltek i nettverket.

Hovudmålet er at barn og unge sjølve skal få større kunnskap om vald og overgrep, og at tilsette som møter barn og unge - særleg tilsette i barnehage og skule - skal få auka kompetanse. Det er viktig med gode hjelpetiltak til barn og familiar der det er mistanke eller det er blitt avdekka vald og overgrep.



I nettverket som vart oppretta i 2023, deltek om lag 150 representantar frå 29 Vestlandskommunar. Skjønstilskot vil bidra til at det kan bli gjennomført fysisk samling også i 2025 for deltakarane i nettverket. Kvinnherad kommune vil vere vertskommune for fysisk samling.

Vi gir skjønstilskot kr 450 000,- til Kvinnherad kommune.

### **Ullensvang**

Kommunen vart påført naturskade etter uveret Jakob. Dei kjende kostnadene no er nærmere kr 20 mill. Kommunen ventar framleis på takst for fleire anlegg. På bakgrunn av dei høge kostnadene, legg vi til grunn at kommunen kan søkje departementet om skjønstilskot. Vi har avtalt med kommunen at dei ventar med å søkje om skjønsmidlar til dei har fått meir oversyn over kostnadene. Når kommunen har fått tilstrekkeleg oversyn m.o.t. kostnader, søker dei departementet (gjennom Statsforvaltaren) om skjønsmidlar. Kommunen er innforstått med at vi ikkje gir skjønstilskot av våre midlar no.

### **Eidfjord**

Kommunen har hatt ekstraordinære kostnader i samband med uveret Jakob. Kostnadene omfattar innleige av fartøy til opprydding i fjorden ved Erdal. Flaum øydet fundamentet under Hjølmavegen, og kostnadene omfattar bruk av ekstern maskinentreprenør til arbeid med vegen. Kommunen sine netto kostnader (mva. ikkje medrekna) utgjer kr 777 200,-. Det utgjer om lag kr 800,- per innbyggjar, som er vesentleg høgare enn eigendelen på kr 250,- per innbyggjar i departementet si tilskotsordning. Vi vil difor oversende informasjon frå kommunen til departementet for nærmere vurdering m.o.t. skjønstilskot. Vi vurderer det slik at vi ikkje no gir skjønstilskot av vår skjønsramme.

### **Sogndal**

I 2023 gjekk det flaumras i elva Tverrdøla i Fjærland i Sogndal kommune. Raset la att mykje massar i elveløpet der NVE hadde utført elveførebygging rundt år 2000. Etter raset reinska kommunen opp under bru på kommunal veg, slik at vatnet kunne kome på rett plass under bru. Det blir no i ettertid gjennomført arbeid med å ta ut massane frå elveløpet på oppsida av bru, slik at ikkje massane på nytt skal lage fortetting under bru ved stor vassføring. Det er nødvendig å tømme elva ned til det tidlegare nivået.

Kostnadsoverslaget for opprettning/tilbakeføring etter flaumskadar i elva er mellom kr 1,6 mill. og kr 1,7 mill., utanom meirverdiavgift. Dette er i hovudsak til graving og flytting av massar, og dessutan reperasjon av plastring.

Kommunen har også hatt ekstra utgifter til mannskap og maskinar som følgje av skadar på blant anna vegar etter ekstreme nedbørsmengder. Dette omfattar ekstraarbeid til reperasjon og drenering av overflatevatn fleire stadar i kommunen. Samla ekstra utgifter er rekna til kr 560 000,- utanom meirverdiavgift.

Vi gir kr 1,5 mill. i skjønstilskot til kommunen i samband med ras i Fjærland og ekstremt nedbør.

### **Ardal**

Kommunen har hatt naturskade etter uver. Dei kommunale utgiftene er førebels pårekna til om lag kr 18 mill. Dette er vesentleg høgare enn eigendelen på kr 250,- per innbyggjar i departementet si tilskotsordning. Vi reknar difor med at kommunen vil kunne få skjønstilskot frå departementet.

Vi legg ikkje opp til å gi skjønstilskot av våre skjønsmidlar no.



## Sunnfjord

Statsforvaltaren har i samarbeid med KS i 2023 starta eit læringsnettverk for berekraftig økonomisk omstilling. Bakgrunnen er dei utfordringane som kommunane står framføre dei komande åra med bl.a. :

- svakare økonomi gir meir krevjande prioriteringar
- auka behov innan helse- og omsorgssektoren
- mangel på kompetanse og arbeidskraft

Det er lagt opp til å bidra med kr 515 000,- i skjønstillskot til dette arbeidet samla for åra 2025 og 2026. Vi gir kr 350 000,- av dette i skjønstillskot no, utbetalt til Sunnfjord kommune.

Sunnfjord kommune har søkt om kr 100 000,- til eit forprosjekt for å utvikle og drifta eit regionalt klimatilpassingsnettverk i Vestland. Det overordna målet vil vere å styrke det lokale og regionale langsigktige arbeidet med omsyn til klima. Dette har samanheng med klimagassutslepp, fangst og lagring av karbon og vern av naturmangfold. Vi gir kr 100 000,- til forprosjektet klimatilpassing, med utbetaling til Sunnfjord kommune.

Utbetalt tilskot til Sunnfjord kommune til prosjekta berekraftig økonomisk omstilling (kr 350 000,-) og klimatilpassing (kr 100 000,-) blir kr 450 000,-.

## Aurland

Det er skade på kommunal infrastruktur etter uveret Jakob. Vi viser til søknad frå kommunen om skjønsmidlar av 15. november d.å., som vi har oversendt til departementet.

Kommunen sine kostnader er i samband med opprydding fleire stader. Dessutan må kommunen gjere utbetring av kommunal bru over elv. Sistnemnde skuldast at høg vassføring har ført med seg mykje massar, slik at eksisterande røyr under bru har fått redusert kapasitet. Det er difor nødvendig å auke slukekapasiteten for å kunne ta unna høg vassføring i elva.

Det er eit samla kostnadsoverslag på om lag kr 2,9 mill., utanom meirverdiavgift. Kommunen hadde per 1. juli i år eit innbyggjartal på 1830 innbyggjarar. Kostnadsoverslaget er difor vesentleg høgare enn eigendelen på kr 250,- per innbyggjar i departementet si tilskotsordning. Vi vurderer difor at det kan vere grunnlag for at departementet gir skjønstillskot av sine midlar.

Vi har oversendt søknad frå Aurland kommune til departementet.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
assisterande statsforvaltar

Synnøve Stalheim  
kommunaldirektør

Vedlegg



*Dokumentet er elektronisk godkjent*